

MISJONSPLIKT OG MISJONSMOTIV I DET NYE TESTAMENTET

av

AUDUN TANG

Klare motiv og ei sterk pliktkjensle er tydelege sermerke i den urkyrkjelege misjonen: «Eg stend i skuld både til grekarar og barbarar» (Rom. 1, 14). «Usæl eg om eg ikkje forkynner evangeliet» (1. Kor. 9, 16; jfr. v. 19). «Paulus, Kristi Jesu fange for dykkar skuld, de heidningar» (Ef. 3, 1).

I 1. Tess. 1, 8 finn me eit fint vitnemål om ein heil kyrkjelyd som er grepene av det me etter Hendrik Kraemer kunne kalla «the apostolic attitude»: «For ifrå dykk hev Herrens ord Ijoda ut.»

Men ikkje utan motstand slo misjonstanken igjennom i apostelkyrkja (Act. 11, 1 f.; Gal. 1—2). Difor vitnar det om kor sterkt Peter kjenner seg forplikta, når han stig fram i Jerusalem og seier: «Var då eg den mann at eg skulde kunna meinka Gud?» (Act. 11, 17).

Kvar ligg den kjelda som gjev misjonspliki i NT slik ei kraft?

I.

1. Det svaret som heilt naturleg fell bibellesaren i tanken er Jesu eige misjonspåbod (Mt. 28, 18—20; jfr. Mk. 16, 15, Luk. 24, 47 f.). Me må berre merka oss at dette ordet er meir enn ein isolert ordre. Framføre imperativen står denne indikativen: «Eg hev fenge all makt i himmelen og på jordi.» Denne proklamasjonen er det som gjev misjonsordren tyngd og kraft. Ja, den frelseshistoriske hendingi som her vert proklamert er i seg sjølv kall til misjon.

Det er ikkje berre eit tilfelle når Jesus her grunnlegg misjonspliki i sin Herredom. Den gamle vedkjenningi: «Kristus er

Herre», er ein av grunntonane i nytestamentleg gudsliv. Ei viktig rot har denne vedkjenningi i Salm. 110, 1. Tenkjer ein so på kor ofte nett denne salmen er sitert i NT, skjønar ein kor sentral vedkjenningi er. Prof. C. H. Dodd seier: «Indeed, I can see no adequate reason for rejecting the statement of Mark that it was first cited by Jesus Himself in His public teaching in the Temple.» (*The Apostolic Preaching and Its Development* s. 24). Sjå Mk. 12, 36; Mt. 22, 44; Luk. 20, 42; jfr. Act. 2, 34; Hebr. 1, 13. Utan å sitera Salm. 110 direkte lyder vedkjenningi «Jesus er Herre» elles mange stader i NT. Serleg merker me oss Rom. 10, 9 som klårleg gjer denne vedkjenningi til ei frelsessak. Jfr. også 1. Kor. 8, 6; 12, 3; 15, 25; Rom. 8, 34; Kol. 3, 1 og Fil. 2, 9.

Ei utgreiing om kyriosomgrepet i og for seg er ikkje vår oppgåve. Men me er interesserte i dette spørsmålet: Korleis overtyder kyriostriui om misjonsplikt?

Det er då viktig å ha klårt for seg at etter NT er det den krossfeste Jesus som er opphøgd til Faderens høgre: «Gud hev gjort han både til Herre og Messias — han, denne Jesus som de hev krossfest» (Act. 2, 36). Ja, Kristi Herredom er ei frukt og fylgje av at han nedra seg til døden på krossen (Fil. 2, 8—9). Dette kjem også fram i Jesu eigne ord (Luk. 24, 26; Joh. 12, 23—24; 17, 5). Jfr. i denne saki Hebr. 2, 10; 5, 8—9; 19, 12; 12, 2. Vedkjenningi «Jesus er Herre» vender seg difor ikkje til ein himmelsk konge som er ein annan enn den inkarnerte Menneskesonen, men tilbed han som døydde for våre synder og som «difor» (Fil. 2, 9) vart opphøgd. I denne vedkjenningi ligg vissa om påskeunderet, sigeren på Golgata. Berre dette festet i sjølve påskeunderet kan forklåra den kraft misjonsplikti har i NT.

Korleis misjonsplikti kviler i sjølve openberringssentret, påskeunderet, kjem klårt til synne i Paulus sine brev.

Tankeføringi i Rom. 1, 18—3, 20 er velkjend og korleis Paulus konkluderer slik: Alle ligg under syndi (3, 9). Men det som i vår samanheng skal understrekast er at dette ordet ikkje er eit stykke naturleg, empirisk antropologi. Ogso læra om syndi er openberra sanning. Principium cognoscendi er ogso her Jesus Kristus og han krossfest. Trui på han er det som stengjer ute

all menneskeleg ros (3, 27). Nettopp lyset frå Kristi kross openberrar, «provar», at menneskeætti er hjelpelaus, «utan Gud og utan von i verdi» (Gal. 2, 21; jfr. Hebr. 7, 11). At kunnskapen om menneskenaudi, fallet og syndi, forpliktar Paulus til misjon kling att i Rom. 10, 14: «Korleis kan dei tru der dei ikkje hev hørt? og korleis kan dei høyra utan det er ein som forkynner?»

Men fyrst og fremst er det Guds kjærleik påskeunderet openberrar. Gud var i Kristus og forlikte verdi med seg sjølv (2. Kor. 5, 18; jfr. 1. Joh. 4, 9). Vender me oss til denne sida av Paulus si forkynning med vårt serlege mål for auga, so er det to ord som stoggar oss, dei markerte: «For alle» (2. Kor. 5, 15).

For Paulus er verdi *ei* verd, ikkje for skuld det romerske riket, ikkje i keisaren, men «i Kristus». Slik ho er *et* i synd, slik òg *ei* i Kristi død og oppstode (Rom. 5, 12—20). Kristi universale herredøme bryt ned alle partikularistiske skilje (Rom. 10, 11—12; Gal. 3, 28). Den forpliktande krafti i denne sanningi kastar vel serleg Efesar- og Kolossarbrevet lys over. I Ef. 1—3 talar Paulus om ein løyndom som er openberra for han. Løyndomen er nettopp den universale einskapen Kristi død og siger har skapt (Ef. 3, 5, 9—11; Kol. 1, 21—22). Heidningane er medarvingar (Ef. 3, 6; 2, 11—14; Kol. 1, 21—22). Men denne nye situasjonen gjer misjon til kristenskyldnad. Det er «ved evangeliet» heidningen får lut med i lovnaden (Ef. 3, 6). Difor er Paulus kalla til å forkynna og «upplysa alle» (3, 8—9; jfr. 2. Kor. 5, 20).

I Johannesevangeliet kjem det universale siktet i Jesu gjerning fram på ein karakteristisk måte. Han er «verdi» sin frelsar (1, 10; 3, 16—17). Visstnok kjem frelsa frå jødane (4, 22). Jesus fullfører sin gjerning nettopp på dei nasjonale og religiøse sentralstadene åt jødane, i Jerusalem, i templet, i synagoga, «midt uti høgtidi» o.s.b. Men like fullt er det Johannes som klårast skildrar motsetnaden mellom Jesus og «jødane» (5, 18; 7, 1—13; 8, 52; 9, 22; 10, 31). Hans eigne tok ikkje imot han (1, 11). Denne motsetnaden strekar under Jesu ord om at frelsa ikkje vil koma etter jødane sitt partikularistiske mønster (4, 21—24; 10, 16).

Men ogso i Johannesevangeliet er det fyrst og fremst påskeunderet som openberrar det universale i frelsa og som soleis kollar til misjon. Det er i «Lammet» han ser «verdi» sin frelsar (1, 21 f.; 3, 16; jfr. 6, 51).

Joh. 12, 20 ff. fortel om eit møte mellom Jesus og represenantar frå heidningverdi. Dette møtet gjev Jesus høve til å peika fram mot den timen då ikkje berre nokre få men heile heidningverdi skal møta han (v. 24). Det skal skje når han er herleggjord (v. 23). Då er hovdingen som trækkar verdi utkasta (v. 31). Jesus er Herre og han drar «alle» til seg (v. 32).

Påskeunderet er det altso som openberrar at heile verdi er elска av Gud (3, 16). Difor kan ikkje Johannes passivt sola seg i lyset frå den krossfeste og oppstadne. Heile kosmos kjem inn i synsfeltet: «Ikkje berre for våre, men og for alle i heile verdi» (1. Joh. 2, 2).

Me starta i Jesu ord: «Eg hev fenge all makt i himmelen og på jordi.» Dette ordet fører oss til sentret i evangeliet, til ordet om Kristi siger påskedag. Der lærer den kristne å vitna: «Jesus er Herre». Men ingen kan bera fram eit slikt vitnemål utan å leggja til med Paulus, Johannes og heile Det nye testamentet: «For alle i heile verdi.»

2. Til misjonspåbodet, Mt. 28, 18—20, knyter det seg ein lovnad: «Sjå eg er med dykk alle dagar so lenge verdi stend.» Her er det sett ein viss tidsperiode då misjonsskyldnaden skal realiseraast og eit endemål å hasta fram mot. Om ordi: «alle dagar» seier Oscar Cullmann: «This is not so vague a chronological statement as we usually interpret it to be when we take it to mean «always». It is rather a clear reference to the eschatological character of the mission which must take place precisely in the intermediate period and which gives to this period its meaning» (*Christ and Time*, eng. utg. av *Christus und die Zeit*).

Straks me nyttar slike vendingar som «eskatologisk karakter» og «mellomperiode», vert me minna om den teologiske diskusjonen omkring nytestamentleg eskatologi. Me pretenderer ikkje å blanda oss i den drøftingi. Men synet på eskatologien vil visseleg farga den tolkingi me gjev misjonsplikti. Misjons-

teologien kjem ikkje utanom eskatologien. Nokre få merknader om Albert Schweitzers jesustolking, som er utgangspunktet for den «konsekvente eskatologi», vil kanskje syna at desse emni grip inn i einannan.

Etter Schweitzers syn venta Jesus først at Guds rike skulle koma medan han sjølv levde og som ei frukt av lærersveinane sitt misjonsarbeid (Mt. 10, 1 ff.). Men då dette ikkje hende, skal Jesus seinare ha sett det slik at det oververdslege gudsriket ville bryta inn i og med hans eigen død. Idéen om ein tid-bolk mellom Jesu død og ei atterkome kan soleis ikkje skriva seg frå Jesus sjølv. Denne idéen skal ha vakse fram i kyrkja som ei berging, ei naudverje, ut or den uvissa dei kom inn i då parusien let venta på seg.

Er det urett å seia at det bibelteologiske grunnlaget for verdsmisjonen i denne eskatologien er omgjort til ein illusjon?

Den «konsekvente eskatologien» har møtt sterkest motsegn frå eksegetar som hevdar at det veikaste punktet i desse teoriane er det eksegetiske grunnlaget dei byggjer på.

Cullmann peikar på at Jesus sjølv forkynte at Guds rike var kome i og med hans eigen person. Typisk for apostelkyrkja var vissa om at endetidi braut inn med Jesus Kristus sjølv. «Kristus er Herre». I denne vedkjenningi ligg vissa om at Riket prinsipielt er kome. Det avgjerande slaget er vunne. At parusien let venta på seg skapte visseleg ei sterk spaning mellom tru og framtidsvon. Denne spaningi er tydeleg i NT. Men avdi trui på det fullførde, vissa om Jesu Herredom, var so sterk, vart apostelkyrkja nettopp *ikkje* kasta inn i den illusjonen som den «konsekvente eskatologi» faktisk gjer endetidsforkynningi til. Trui på ein mellomperiode og Kristi atterkoma skal ikkje tolkast som ei naudverje, «ein Ersatzprodukt», men er ein integrerande lekk i Kristustrui. (Sjå ved sida av *Christus und die Zeit* ogso *Theologische Zeitschrift*, Basel, 1947, side 186).

Etter Mk. 14, 62 skilar Jesus mellom døden og atterkoma i herlegdom. Jfr. v. 28 og Mt. 26, 32. Ordi om faste Mk. 2, 18 ff. peikar mot dagar då brudgomen vert teken frå bruresveinane. Dei kjende ordi om kyrkja, Mt. 16, 18; 18, 17 interesserer òg i

denne samanhengen. Bibelteologien er ikkje lenger so uvillig til å halda desse ordi for ekte. Sjå t. d. K. L. Schmidt om «ekklesia» i Kittel *Wörterbuch zum Neuen Testament*.

Spursmålet om kor langt eller stutt Jesu perspektiv var er ikkje her avgjerande. Hovudsaki i vår samanheng er at han prinsipielt gjev rom for ein mellomperiode, kyrkja og misjonen si tid.

Frå fyrste stund er urkyrkja klår over at ho lever i «dei siste dagar». Pinseunderet er for apostlane oppfyllingi av det profeten Joel har sagt om «dei siste dagane» (Act. 2,16—17; 1. Jch. 2,18).

Kva meining har so tidbolken mellom oppstoda og atterkoma i Guds økonomi? NT har berre eitt svar: Målet er at «alle skal koma til omvending» (2. Pet. 3, 9, 15; Act. 3, 19; 2, 21). Difor er og endetidsoppgåva so klår, nemleg å vitna (Act. 1, 7—8, 11).

Apostelkyrkja veit altso at ho er sett i ein tidbolt som etter Guds råd har sitt spesielle kall og mål i frelsessoga. Det er verdsmisjonen som realiserer dette endetidskallet. Dette nytestamentlege «historiesynet» gjev misjonspliki ei forunderleg kraft som kjem til syne i Mk. 13, 10 og Mt. 24, 14. Misjonsoppgåva er noko som «fyrst» lyt fullførast. Dette «fyrst» legg inn over Guds sendebod det hastverket som er eit sermerke i all sann, nytestamentleg misjon.

Det frelseshistoriske utsynet som Paulus gjev i Rom. 9—11 viser at han er overtydd om å vera i ein guddomleg, historisk plan med gjerningen sin. I denne planen har og tidbolken mellom Kristi oppstode og atterkome si oppgåve: Fullnaden av heidningane skal koma inn og Israels rest skal verta frelst (Rom. 11, 25—26).

Serleg Efesar- og Kolossarbrevet viser at synet på endetidi er med og formar og markerer misjonspliki: Den universale frelsesplanen har vore løynd i Gud frå ævelege tider (Ef. 1, 4; 3, 9; Kol. 1, 26). Det avgjerande slaget vart vunne på Golgata (Kol. 2, 15; Ef. 1, 20 f.). Difor har me full visse om at den endelige sigersdagen kjem (Ef. 1, 21; Kol. 3, 1—4). Mellom påske og parusi, kross og krune, ligg misjonstidsalderen. «No» (Ef. 3, 10) skal Guds visdom kunngjerast.

Her fell det lys over den eskatologiske karakter verdsmisjonen har. Han er plasert mellom uppstoda og etterkoma. P.d.e.s. vert det difor ein gjerning under den overtøyding at det avgjerrande slaget ligg i fortidi. Det er fullført (Joh. 19, 30). P.d.a.s. forpliktar det at målet høyrer framtid til. Det er noko som ikkje er fullført, evangeliet om sigeren må forkynnast (Ef. 3, 8). Denne spaningi mellom «fullført» og «enno ikkje fullført» skaper både roleg tru og påtrengjande hast.

Misjonæren er etter NT bodberar, han går med god budskap som det hastar med (1. Kor. 9, 16). Paulus hastar frå Jerusalem til Illyria. Han vonar å få sjå kyrkjelyden i Rom, men berre slik at han «kjem innum» på veg til — Spania ! (Rom. 15, 19, 24).

II.

Misjonsplikt møter me altso i dei objektive, frelseshistoriske hendingane. Guds folk er soleis under plikt til misjon anten dei svarar på dette eller ikkje. Men når det objektive vert «levande», kallar og driv til misjon, kva krefter er det då som verkar? Det er spursmålet me står framføre når emnet ogso gjeld misjonsmotivet i NT.

NT gjer det heilt klårt at motivet, causa efficiens, er meir enn kald lydnad mot eit påbod, ein ordre. For misjonen i NT eig og reknar med ei kraft som ingen ordre åleine kan forklåra. Denne krafti er Guds kjærleik (2. Kor. 5, 14).

Jesus gav ikkje berre ein ordre. Han sa og: «Men når den Heilage Ande kjem yver dykk, fær de kraft» (Act. 1, 8). Det er Anden som skaper levande vitnemål om Jesus Kristus (Joh. 14, 17; 15, 26). «Ingen kan segja Jesus er Herre utan i den Heilage Ande» (1. Kor. 12, 3). Og det er nettopp vitne Jesus vil senda ut, menn som med levande, personleg overtøyding proklamerer: Jesus er Herre (Luk. 24, 48; Joh. 15, 27; Act. 1, 8; 2, 36; 1. Joh. 1, 2).

Difor er Andens gjerning ein naudsynleg del av misjonstidsalderen. Pinse og misjon kan ikkje skiljast (Act. 2, 17—21).

Og misjonsmotivet i NT kan ikkje tolkast rett utan ein tek omsyn til Andens gjerning. Anden gjer det underet at eg i dei objektive, historiske frelseshendingane møter den levande Herre og hans kall. «The missionary motive is not obligation to something but response to Someone» (P. L. Lehmann, «The Missionary Obligation of the Church», *Theology Today*, April 1952). Der Anden gjer sin gjerning er den heteronomien som er so sermerkt i tilhøvet ordre—loyalitet overvunnen. Og Andens frukt er det djupe og sterke motivet som heidningapostelen vitnar om: «Kristi kjærleik tvingar oss» (2. Kor. 5, 14; jfr. 1. Joh. 4, 19). Heile perioden 2. Kor. 5, 14—21 fortel at misjonsmotivet ved Guds Ande vert til under krossen. «The church cannot stand under the cross without accepting an obligation to share with all men the redemption which was there won for it. It cannot evade that without cutting itself off from the divine life by which it lives» (biskop Newbigin).

Kva er føremålet for den kristne misjonen? Når emnet er misjonsmotivet, kjem også dette spørsmålet i framgrunnen endå om heile dette problemomfanget ikke høyrer vår oppgåve til. Levande personar let seg motivera av sine mål. Jamvel om apostlane veit dei er Andens lydige reidskapar (Act. 16, 7; 13, 2—4), har dei likevel medvitne mål (Act. 19, 21; Rom. 15, 23—25).

I NT er målet for misjonen sett enkelt og klårt: «Gjer alle folk til mine lærersveinar» (Mt. 28, 19; jfr. 1. Tim. 2, 4). Me har i misjonen med medmennesket å gjera. Medmennesket, nesten, er ein del av misjonsmotivet. Og verdsmisjonen er i dag engasjert i ei teneste som siktar på fleire og fleire sider av menneskelivet. Men denne situasjonen gjer det aktuelt å prøva motivi i denne tenesta på NT. Fåren er at misjonen vert førd inn i eit menneskesyn som vil sekularisera misjonsmotivet meddi sekundære motiv vert dei primære. Ein kan ottast for det når ein høyrer nemnt «det uendelege menneskeverd» som misjonsmotiv. I kristen diakoni, som er inspirert av Guds kjærleik, høyrer denne problematikken, verdig—ikkje verdig, ikkje heime. «Guds kjærleik finn ikkje, men skaper det som er elskeleg» (Luther).

Rett nok kan kristenkjærleiken ikkje anna enn å la seg bruka i dei mange «dennesidige» oppgåver. For det er eit «anna bod» som legg medmennesket inn på meg (Mt. 22, 39). Men i sin mangfaldige diakoni må misjonskyrkja seia med NT: «Me elskar avdi han elskar oss fyrst» (1. Joh. 4, 19).

Paulus kjenner i det heile ikkje nokon «etter kjøtet» (2. Kor. 5, 16). Medmennesket er for han fyrst og fremst «den bror som Kristus døydde for» (1. Kor. 8, 11; 2. Kor. 5, 18). Åleine i den prisen Kristus kjøpte oss med ligg «menneskeverdet» (1. Kor. 6, 20; 7, 23; jfr. 1. Pet. 1, 18—19). Difor er det stor skilnad på nytestamentleg diakoni og den humanistiske tenkjemåten som reknar med mennesket «i og for seg». Misjonen har teosentriske mål ogso i si teneste for mennesket. Me er medarbeidarar for *Guds rike* (Kol. 4, 11). Ja, berre når våre mål og motiv er klårt teosentriske, kan me gjera mennesket sanne tenester. For til det vart mennesket skapt, at det skulle æra Gud (Rom. 11, 36; 1. Kor. 8, 6).